



Tormod og Karl var parhestar også denne gongen, men dette biletet vart teke under den aller fyrste turen

Til hausten er det 5 år sidan tidlegare bonde og noverande sjåfør Tormod Myklebust køyrde til Ukraina det fyrste semitrailarlasset med det som på bilen vart kalla humanitarian aid. Sidan har han vore nedover 7 gongar til og det betyr transport av 120 tonn - vesentleg klede - og ein utkøyrd distanse på 40 000 kilometer. Dette er ein innsats for andre som treng det som imponerer alle, men Tormod vil ikkje vere med på skrytet. - Dette er min form for ferie, er hans kommentar.



Lasten frå Norge er snart lossa

For få dagar sidan kom han attende etter tur nummer 8, som gjekk til byen Uzjhorod tett ved grensa mot Slovakia og sør for Karpatene. Byen med 100 000 innbyggjarar er prega av det uskedelingen kaller 'den ytterste fattigdom'



Potetåker i sørlegaste Polen

Der har han ikkje vore før og tykkjer det er interessant å komma til nye stader og få nye inntrykk. Midt i august skal han nedover att - til den same staden. Dei er sjølv sagt 2 sjåførar og Stavangermannen Karl L. Persson var den andre også denne gongen. Han var med på den aller første turen og blir med på den neste. Eigentleg skulle Tormod ikkje hatt turen no, men så vart det sjukdomsfråfall og arbeidsgjevar Hjørneveg var raus og sa ja til ei ferieveke.



Ventar på tollklarering

Stiftinga THK har stått bak dei tidlegare turane, som stort sett har gått til Korosten ikkje ligg langt ifrå skrekkstaden Tsjernobyl. No var det ei anna stifting dei kørde for, den som kallast KPK og samarbeider med ein baptistmenighet i Uzjhorod. Der bur det ikkje minst mange sigøynarar som treng hjelp.

Tormod og Karl kørde lasta til ein barneheim der koordineringa finn stad. Også ein ungdomsgjeng frå Rogaland gorde hjelpeinnsats der og Tormod strekar under kor viktig det er å yta hjelp der dei trengjande befinn seg. Då treng dei kanskje ikkje å reise ut - til dømes til vårt land.

Det vart ein svært hektisk tur, ikkje minst på grunn av køyreforbod i helg og duoen var heimefrå i 8 dagar. I Uzjhorod var dei knapt eit døgn og dei måtte skynde på også fordi dei skulle ha med kontorutstyr frå Polen som returlast.

Av Ola Matti Mathisen
Foto:Tormod Myklebust



Matservering i Uzjhorod